

T-dagane er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.

Å lære borna opp i trua er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua. Dette kan T-dagane hjelpe dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane, uansett livssyn.



Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss,

Tlf. 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

T-dag for 9-åringane.
Frå Evanger og Bolstad
er også 8-åringane inviterte.



Invitasjon til T-dag
søndag 7. juni, kl. 15:00.

Vandring på den gamle Kongevegen
frå Oppheim kyrkje til Vinje kyrkje.

NB oppmøte utanfor Vinje kyrkje,
så organiserer me transport derifrå!

T9

Velkomen med på pilegrimstur!

Veit du kvar den gamle Kongevegen går?
Veit du kva ein pilegrim er?
Veit du kven Heilag Olav var?

Dette kan du få svar på den 7. juni.

Mellom Oppheim kyrkje og Vinje kyrkje går ein del av Kongevegen/Postvegen mellom Oslo og Bergen. Dette er ein fantastisk tur! Så bra at me synes fleire skal få høve til å oppleve den. Difor inviterer me niåringar med føresette frå Vossestrand, men også frå Voss, Raundalen og Evanger og Bolstad med på tur, eller ein pilegrimstur som me kallar det (frå Evanger og Bolstad vert også åtteåringane inviterte). Me skal innom "Mor si grav", me skal lære om korleis og kvifor denne vegen vart bygd, me skal leike og me skal møte ein ekte pilegrim. Det vil også bli overraskingar undervegs. Og viktigast av alt, så skal me høyre kva alt dette har med Jesus, Gud og tru å gjera.

Program

Kl. 15:00 Me møter ved Vinje kyrkje for organisering av transport til Oppheim.
Dei frå Oppheim møter ved Oppheim kyrkje.
Opplegg i kyrkja før Pilegrimane vert sende ut på vandring.
Det vert aktivitetar og leik undervegs.



Ca. kl. 17:00 Pause m/nistemat på Vinje gamle kyrkjegard. med levande historier frå ekte pilegrimsvandringar.

Ca. kl. 18:00 Ankomst Vinje kyrkje med markering og utdeling av pilegrimsmerke. Avslutning

Praktisk info

Borna må koma i fylgje med ein vaksen som har ansvar for dei under heile turen.

Ta med niste, drikke, høvelege klede og sitteunderlag.

Påmelding innan onsdag 3. juni

på www.voss.kyrkja.no
eller bruk QR-koden



I påmeldingsskjemaet kan de gje oss opplysningar me treng for at alle skal få ein best mogeleg dag.

Treng de kontakt med oss?

Kyrkjelydspedagog Camilla Velsvik har mobilnr. 995 18 194

